

Frank Rune Nesse
Festevegen 273
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1176 - 17/10749

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
05.04.2017

Tilbakemelding etter samtale på Bergfjord 04.04.2017

Fyrst vil eg gjere merksam på at gbnr 59/31 er ein av parsellane langs fylkesveg 404 og at kontaktinstans for fylkesvegar er Statens vegvesen region vest på vegne av Hordaland fylkeskommune.

Du ynskte tilbakemelding på kva gbnr 59/31 var og kvifor det var oppretta over din eigedom. Eg har funne fram litt informasjon som seier noko om dette. Håpar du kan finne nokre svar ut i frå det.

Matrikkellova seier at alt areal i Noreg skal vere knytt til ei matrikkeleining. Dette vart gjort for å lette eigedomsforvaltninga i matrikkelen.

Som ei overgangsordning i 2012 kunne matrikulering av umatrikulert offentleg veg- og jernbanegrund etter § 69 i matrikkelforskriften matrikulerast utan at det vart halde oppmålingsforretning, dersom matrikuleringa vart fullført innan 31.12.2012.

Fram til 31.12.2012 hadde difor det offentlege løyve frå Statens kartverk til å matrikulera all offentleg veggrunn.

Dei fleste vegane i Lindås var fram til då umatrikulerte og som hovudregel vart det tildelt eit matrikkelnummer for kvart gardsnummer langs dei offentlege vegane.

Det vart **ikkje** gått opp og fastlagt grenser i samband med slik matrikkulering. Det vart i kartet teikna opp ein «korridor» (parsell) langs dei offentlege vegane for å markere ei grense for matrikkeleininga. Matrikulering etter denne bestemminga gjev ikkje i seg sjølv noko grunnlag for å få grunnboksheimel til matrikkeleininga.

Det er ikkje registrert nokon eigar på gbnr 59/31 men sidan dette er ein fylkesveg, er kontaktinstans oppført som Statens vegvesen region vest.

Legg ved nokre utsnitt frå kartverket sitt kart frå åra 1997, 2004 og 2017.

Som du ser på karta, har grensene for parsellen langs fylkesveg 404 på gbnr 59/31, ikkje vore endra hos kartverket dei siste 20 åra. Endringa er at parsellen har fått tildelt eit eige matrikkelnummer.



Med helsing

Irene Wilhelmsen
Ingeniør - vegavdelinga

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

G.nr.59 B.nr.31 1997
G.nr.59 B.nr.31 2004
G.nr.59 B.nr.31 2017

Mottakarar:

Atle Dingen
Frank Rune Nesse
Rune Kilen
Tommy Veland

Festevegen 273 5912

SEIM